

Lista frå Hordaland fylkesleksikon over verksemder i 1952 attgjeve i årboka til sogelaget er som antatt langt frå fullstendig. Det påpeiker fleire uskedelingar for uskedalen.no. Til dømes var det to skomakarverksemder og tre bakeri her.

Einar Gjertsen har denne supplerande kommentaren:

”- Det var i alle fall to skomakarverksemder i denne tida, dersom den eine var den som Adolf Bjelland dreiv. Den andre var skomakarverkstaden til Martin og Jon Gjertsen. Denne vart starta opp i 1920-åra og vart driven til ca. 1960. I denne verksemda var det sogar to mann tilsette.

Eg trudde og det var tre bakeri i Uskedalen i desse åra. Eit låg på Neset drive av Odd Myklebust, eit var Hilmar Sætre sitt bakeri og det tredje var bakeriet til Sigurd Arnesen i gamle bua på Beinavikjo. Der var det ein bakar som heitte Kjoås, og seinare bakte Selmar Hansen der nede.

Av andre verksemder som er utegløynde er mellom andre Kjærlandsverket og to drosjebilar drivne av Bjarne Myklebust og Fridtjof Sunde.

Arne Eik og Arne M. Myklebust dreiv desse åra lastebiltransport. Det var og drive med sandtak i Uskedalen og desse verksemdene er og utegløynde. Kva med Uskedal Gjestgiveri og Solheim Turiststasjon?

Ein annan relativt stor arbeidsplass i 1952 var telegraf- og telefonstasjonen i nybygget til Sigurd Arnesen på Vikjo. Der arbeidde mange telefondamer i tillegg til montørar og teknikarar. Denne verksemda vart flytta frå Herøysundet til Uskedalen hausten 1951.

Ei av dei som var med på overflyttinga var mor mi Borghild Gjertsen. Ho var den siste telefonstyraren i Uskedalen og ho var med på enda ei flytting – til den nye sentralen i Teigen på Husnes.

Einar H. Myklebust dreiv bilverkstad, men eg er usikker på når den verksemda starta opp. Eing ting er i alle fall sikkert: Det som gjeld næringsdrift i Uskedalen kring 1950 er ikkje fullstendig”.

Så langt Gjertsen og over til Olaf Agnar Gausvik, som oppmodar dei som hugsar godt om å supplera lista over butikkar og næringsdrivande i Uskedalen på 1950-talet.

Også han peikar på at det var tre bakeri: Uskedal handelsforretning, Odd Myklebust og Sætre. Det hadde og vore bakeri i kjellaren hos Selmer Hansen, men Gausvik veit ikkje når det slutta.

Han minnest og to skomakarar, Martin Gjertsen og Adolf Bjelland.

Gausvik nemner også at mjøkelaget hadde eige utsal i kjellaren på Samyrkelaget.

- Bensin kunne ein få kjøpt hos Fridtjof Sunde, Ivar Bringedal, på S-laget og kanskje fleire stader.

Ivar Bringedal dreiv to butikkar og mange hugsar sikkert ”Bino”. Vil nokon skøyta på lista, spør Gausvik.

Av Ola Matti Mathisen